

**Uskedeling skadd i motorsykkel-ulukke**

09.10.2007

**Ein uskedeling i 20-åra vart lettare skadd då han ved 20-tida måndag kveld kørde utfor riksveg 48 vest for Børnes-krysset.**

Han kørde rett inn i autovernet der det er ein krapp sving til venstre når ein kører utover, opplyser politibetjent Håkon Tørvik til uskedalen.no.

Etter å ha vore hos lokal lege vart han sendt til sjukehuset på Stord, men det viste seg til alt hell at han berre hadde fått slagskader og ikkje brot eller indre skader.

Politibetjenta vil førebels ikkje spekulera i årsaken til ulukka. Den vart ikkje meldt til politiet før omkring midnatt sjølv om det skal meldast frå om alle uhell med personskade.